

# 1991 - KULTURVERN OG MUSEUMS- ARBEIDET I REGIONEN

I dei tidlegare utgåvene av "Sjå Jæren" har me trykt årsmeldingar for lokalmusea. Frå nå av vil me prøva eit litt anna opplegg der me presenterer hovudpunkta eller særskilde tiltak som er gjennomførde innan kulturvernarbeidet i den einiske kommunen. Me vil og gi dei einiske kommunane høve til å presentera målsettjingane for kulturvernpolitikken sin og kva tradisjonar og prosjekt dei oppfattar som særleg viktige i åra framover. Asgjerd Taksdal og Time kommune er fyrst ute.

## KVA SKJER I TIME?

I Time kommune tok kulturetaten mot det nye hovudutvalet på ein utradisjonell måte dette året, til oss å vera: Først investerte vi i eit felles helgeseminar på Sirdal høgfjellshotell og arbeidde oss gjennom ei innføring i hovudutvalet for kultur sine ansvarsområde. Det opna vide gluggar.

Etterpå har vi gått gjennom kvart arbeidsområde grundigare, eitt på kvart utvalsmøte, slik at vi no kan seia at vi har vore gjennom ei forsvarleg kulturpolitiske prinsippdrøfting. Det har vore ei god erfaring for alle partar. Både politikarane og vi tilsette i etaten har auka kunnskaps- og bevissthetensnivået vårt merkbart. Saksførebuingane er ei sterkare utfordring enn før, og drøftingane er prega av innsikt og interesse.

Det er moro å førebu saker for eit orientert og vake hovudutval.

Innan kulturvern førte diskusjonen til ei samling om visse overordna mål for verksemnda:

Hovudutvalet ønskjer å:

- sikra kunnskapen om kulturarven vår
- leggja tilhøva slik tilrette at alle kan gje seg kjende med og dra nytte av denne kulturarven.
- verna og sikra materielle og immatrielle kulturminne frå alle samfunnslag i kommunen vår.
- sikra at kulturvernspørsmål blir tekne med i all kommunal planlegging.
- fremja interessa for aktiv kulturverninnssats hjå publikum.
- gi vilkår for å nyta kulturminneverdiane som inspirasjonskjelde for kulturell nyskaping.

## Omsett i praksis.

Det er ein knesett tanke innan Jærmuseums-regionen at kvar medlemskommune skal prøva å visa sin eigenart. Til saman skal kommunane visa heile mangfaldet av kulturminne i regionen, for eit større publikum enn det stedeigne.

Det er ei spennande utfordring. Men samstundes er det ikkje lov å gløyma at kvar bygd treng ei lokal

samling av fellesminna frå nærmiljøet. Bygdemuseet er minneboka som held liv i dei nærmaste trådane bakover. Og bygdemuseet vårt er ryddig og frodig på ein gong. Folk likar seg der, dei får god rettleiing og dei kjem att, takka vere dei glødande eldsjelene som legg ned så mange krefter og mykje omtanke i å driva det.

Det som likevel skil Time frå nabokommunane i kulturvernsamanheng er kulturminna knytte til dikten Arne Garborg og kulturminna knytte til vasskraftutnytting gjennom tidene.

Garborgheimen og Knudaheio bør bli grunnvollen i ein Garborg-tradisjon som omfattar heile Jær-regionen - og når ennå vidare. Det er heller ikkje vanskeleg å sjå området kring Fotlandsfossen som eit samla museumsmiljø bygt på vasskraftutnyttinga til kvernhus, møller og kraftstasjon, kombinert med særprega geologi og biologi.

### **Formidling er langtidsvern!**

Det er så sjølv sagt at ein må vera kulturminna for å ha noko å formidla til publikum. Like sjølv sagt reknar vi det for å vera at god formidling skapar aktive kulturvernurar: Den som sjølv har fått gode opplevingar av kulturminne skjønar seg på verdiane, og du må skjøna deg på verdiar før du kjenner trong til å vera dei.

Derfor satsar vi bevisst på å ha ein dyktig stab av formidlarar som kan møta elevar og vaksne, pensjonistar og yrkesaktive på velferdstur, og gi dei ei god oppleving.

Mirakelkuren er Garborgheimen og Knudaheio og diktina som kan knytast til dei synlege minna. Scenane frå "Fred" blir drama i den halvskome stova når personane levnar til og løysar seg som skuggar or veggene.

Det er eit mål for den kommande vinteren å få i

gang eit kurs for omvisarar som vil kunna nok til å leggja opp individuelle turar etter oppdragsgivaren sine ønske.

Vi er glade for å ta mot klassar frå Stavanger Lærarhøgskule til orientering om korleis vi brukar kulturminna våre i møte med publikum. Dei er gode mottakarar og ei viktig målgruppe som vi gler oss til å møta att som formidlarar for eigne klassar i åra framover.

Lærarar er i det heile ei viktig målgruppe for den som tenker formidling. Få andre yrkesutøvarar kan formidla kulturverntanken som dei. Derfor er vi frampå med lærarkurs i buss så ofte vi slepp til - på "Ein skuleveg til fortida".

Gjennom vinteren skal vi også planleggja neste års Garborg-stemne og eit to-dagars seminar. Det skal avviklast kring første helga i september. Før den tid skal vi ha ferdig ei lita bok, etter eit manuskript av Jon Line som låg att i arkivet etter han. Boka har førebels ikkje tittel, men det er ei nær og sterkt personleg farga samling av minne om han Aadne på Jæren - "Han Aadne og eg" kunne passa bra. Boka skal produserast i samarbeid med Time Mållag.

Og før trekkfuglane er tilbake skal vi også ha ferdig ei ny utstilling i andre etasjen på Fotland kraftstasjon, om straumen brukt til kommunikasjon mellom menneske og på ulike vis i bedriftene som vaks fram i kommunen etter 1915.

På andre sida av fossen er restaureringsarbeidet i gang på Fotlandsmølla - men det er ikkje unnagjort på ein vinter. Derimot skulle vi kunna be folk med på forminnevandring i Lye og Vestlyområdet ein lun vårsøndag, til Tingvollen og Smedgrava og langhau-gane på Pighaug og dei svære hustuftene på Lyevollen. Vegar og stiar skal vera klare og skilttavlene på plass.

Men kulturformidlinga er meir enn å la publikum sjå og oppleva kulturminne. Det er syrekakene og lefsa i Garborgheimen. Det er handarbeidstradisjonane i husflidslaget - og ull-kurs for formingslærarar. Det er framvising av gamle barnesullar og leiker, og det er skålda lammeføter til samfunnsfest. Berre ein liten del av formidlinga går gjennom offentlege tiltak.

Og sjølv den vesle delen er ikkje kulturetaten åleine om - då ville mangt ha sett annleis ut. I det kommunale kulturvernet har vi den ni medlemmar sterke kulturminnenemnda å støtta oss til. Under den sorterer ulike arbeidsgrupper og nemnder nedsette etter behov for kortare eller lengre tid.

Sjølvsgart er det ei merkbar styrking av arbeidsområdet at stillinga som kulturvernleiar frå 1. august 1992 er omgjort til heil stilling. Vi har fatta stort, nytt mot - og vedteke eit

## HANLINGSPROGRAM FOR KULTURVERN I TO FASAR:

### Kortsiktige mål, fram til 1995:

- Klargjering av Fotlandmølla og området kring fosseen som museumsanlegg bygd på vasskraft, geologi og biologi.

- Samkjøring av alle museumsanlegga våre med forlenga, faste opningstider, kvalifiserte omvisarar og gode servicetilbod.

- God skilting av dei viktigaste fornminneområda våre.

- Undervisningsopplegg for ulike skuleslag og klassesteg på alle museumsanlegga.

- Forsvarleg magasinplass slik at vi kan ta vare på innsamla gjenstandar og ta opp att vidare innsamlingsarbeid.

- Intervju og innsamling av immatrielle kulturminne, tradisjons- og minnestoff. Publisering, foto, arkivmateriale.

- Rullerande kulturvernplan som del av kommuneplanen.

- Ei kulturhistorisk utstilling i året.

- Garborgstemne med seminar, årleg eller annankvart år.

### Langsiktige mål, fram til 2001:

- Utvida samarbeid med kulturverninstitusjonar og reiseliv i nabokommunane.

- Program for bygningsvern i kommunen.

- Halda fram med innsamling av immatrielle kulturminne.

- Arbeida opp tilstrekkeleg kompetanse til å avvikla 150-årsjubileet for Arne Garborgs fødsel.

- Desentraliserte og ambulerande utstillingar på skular og forsamlingshus i kommunen.

- Årviss publisering av aktuelt arkivstoff, gjerne i samband med utstillingar og Garborg-stemne. Det er eit ambisiøst handlingsprogram. Vi ville aldri våga å seia det høgt dersom vi ikkje hadde hatt den gode kjensla vi mota oss opp med i dei første linjene i denne oversikta: Politikarane er med oss. Det er ei merkbar klimaendring i samfunnet i det heile til fordel for kulturvern og kulturminneformidling. Det er det eine.

Det andre er at her er mange på Jæren som har skjønt kva verdi kulturminna våre har og derfor er overtydde vernarar.

Asgjerd Taksdal



Frd jubileumsmarkeringa på Krossen Havremølle. Formann Torbjørg Sægrov har ordet, medan mangårig formann Stein Sægrov og Kristine Lura følgjer med.

Foto: Jærmuseet.

## SANDNESMUSEET 60 ÅR!

I september 1991 var det 60 år sidan heradsstyret i Høyland kommune vedtok å oppretta eit eige bygdemuseum. Sjølve stiftingsmøtet for "Høyland bygdemuseum" vart halde i juli 1932. Dette var det fyrste bygdemuseet på Jæren.

Dei fyrste tiåra blei det samla inn eit betydeleg materiale som dokumenterte den materielle kulturen i bygdesamfunnet. Høyland bygdemuseum var og mellom dei fyrste musea som tok til å samla inn reiskapar og maskinar som viste den teknologiske utviklinga i det moderne jordbruket. Då Jærmuseet blei

oppretta i 1985 blei desse samlingane overførde hit.

Sidan 1970-talet har Høyland bygdemuseum og tatt vare på materiale frå Sandnes-industrien - særleg frå tegl- og potteriverksemda. Og sommaren 1990 kunne dei opna Potteri- og teglverksmuseet i Langgt. 72. Jubileet vart markert med føredrag og ope hus i Krossen havremølle 17.-29. september. Det var og laga to utstillingar: "Frå tust til skurtreskar" og "Havregrynsmøller i Sandnes". Sandnesmuseet har arbeidd aktivt for å verne Krossen havremølle og nytta bygningen til museumsføremål. Nå ser det ut til at dette arbeidet skal lukkast.

## KYSTKULTURSAMLINGA I TANANGER

Kystkultursamlinga i Tananger er nå formelt organisert som eiga stifting. Ein har fått to viktige tilskot til verksemda dette året: - Frå Kystverket har Kystkultursamlinga kjøpt losskøyta "Trondheim". Den er bygd i 1955 på Sauviks Båtbyggeri i Risør. Skøyta har nå fått namnet "Tananger". Målet er å få fartøyet sertifisert for passasjertrafikk våren 1993. I 1991 blei det og bygd opp eit saltvassakvarium på brygga utanfor Melingsjøhuset.

Kystkultursamlinga har etter kvart fått ei omfattande samling av eldre bruksbåtar. Ein svært aktiv dugnadsgjeng står for restaureringa. Båtar og mannskap markerer seg dessutan svært godt på ulike arrangement og stemne omkring i fylket. Under Kopervikdagane fekk t.d. Kystkultursamlinga heile tre 1. premiar: for best restaurerte veteranbåt, for den eldste båten på stemnet (1820) og for beste utkledning.

Losskøyta "Tananger" utanfor Melingsjøhuset.

Foto: Jærmuseet.



## TUNGENESPROSJEKTET

I Randaberg har kulturvernarbeidet i hovudsak vore konsentrert om å utvikla prosjektet kring Tungenes fyr.

I løpet av 1991 er det m.a. sett i gang eit omfattande miljøprosjekt kor ein tar sikte på å restaurera kulturminnai området og leggja kulturlandskapet til rette for publikum.

Prosjektet er finansiert av oljeselskapet Conoco.

Den største oppgåva var å rekontruera eit av dei gamle nausta i Tungevågen. For å skaffa eit best mulig grunnlagsmateriale målte ein opp 13 andre naust. Det er storparten av dei steinnausta som framleis er intakte i Randaberg.

Det er og restaurert omlag 400 løpemeter med steingardar.

Elles er både fyrbygningen og lagerbygningen sett i stand utvendig.

Både fyranlegget og Sjøbruksmuseet har hatt godt besök.

Motorgruppa i Randaberg bygdemuseum er særskilt aktiv og båtmotorsamlinga har også dette året fått ein fin tilvekst.

## KLEPP BYGDEMUSEUM

Klepp bygdemuseum har i dei seinare åra laga enkle temautstillingar for å presentera samlinga si. Våren 1991 blei det laga ei ny utstilling med tittelen "Bryllaup i Klepp". Utstillinga blei laga av Erna Kleppe og Målfrid Grimstvedt. Sistnemnde er ansvarleg for valg av emne og innhaldet i utstillinga.

Ideen med utstillinga er å visa skiftande endringar i daglelivet gjennom enkle tablå. Eit viktig moment

var: kvar finn me eit bakgrunnsmateriale som kan nyttast? Den førre utstillinga bygde på Klepp Bondekvinnelag si bok "Kvinnekår i farne år." Denne gongen var eit anna nytt bokverk sers aktuelt; dei to banda av bygdesoga for Klepp. Dei inneholder ei rikhaldig og god innføring i lokalhistorien. Her var det nok av stoff å velgja i. Vårt emne burde vera så almennt at det passar både på bygdesamfunnet og tettstaden. Det var ønskjeleg å setta tidsramma noko meir presist enn bare "gamle dagar". Det var endringar frå tiår til tiår også dengong.

Valget fall på bryllaupskikkar. Me tok utgangspunkt i Hallvard Nordås si skildring av eit bryllaup på Sele i 1839: Kledde opp brur og brudgom, dekka opp eit matbord i stova med kjørl og bordpynt frå den tida. Mange av dei finaste gjenstandane folk hadde var bryllaupsgåver, så det høvde godt å laga eit "gåvebord" for å visa vanlege gjenstander frå daglelivet. Bryllaupet markerte dessutan at to unge sette bu og grunnla ein familie. Snart ville det komma småfolk. Me tok difor med både senga og vogga og dåpsutstyret.

Det var eit mål å få fram både endringari tradisjoner. Det gjorde me ved å dela stova i to. Bryllaupet i 1839 blei stilt opp mot eit bryllaup i 1934. Me dekka kaffibord, fortsatt med lefse som hundre år før, men julebrødet og fløytekaka var ny. Me kleddet ikkje ut noko brurepar, men brukte eit fint brurebilete frå Klepp i 1934. Utvalget av gåver til brureparet viste noko av dei store endringane som har skjedd i daglelivet på dette hundreåret.

Det blei laga eit lite emnehefte som ei innføring til utstillinga. Så kan dei som ønsker det finna meir stoff i bygdebøkene.

## I GJESDAL GÅR DET I SAU

Gjesdal bygdemuseum fekk i 1985 testamentert eit heilt gardbruk: seks hus og meir enn 600 dekar inn- og utmark. I åra etterpå har ein restaurert ei del av bygningane og bygd opp ei drift på garden. I 1991 blei Hanne Thomsen engasjert til å laga ein heilskapsplan for Limagarden, ein prosess som også Jærmuseet ved Målfrid Grimstvedt blei trukken med i. Planen fekk tittelen "Limagarden - ei bru mellom fortid og nåtid". Denne planen vil ligga til grunn for arbeidet i mange år framover. Me skal difor gjea greie for hovudpunktene i planen.

Stikkord for planen er oppleving, kunnskap og stolthet over det unike landskapet og fortidas kultur. Det blir viktig å framheva samanhengen mellom handverkstradisjonane og driftsformene i det gamle gjesdal-samfunnet og dagens industri og næringsliv. Det er pr. i dag ingen museumsanlegg i Gjesdal som dokumenterer og formidler dei tekstile husflidstradisjonane utover det som er vanleg på eit bygdemuseum. Desse tradisjonane byggjer på den rikelege tilgangen på saueull. Det særprega landskapet i store deler av Gjesdal er skapt av ei gardsdrift der store saueflokkar har gått på utebeite om vinteren. Desse to momenta er bakgrunnen for at den raude tråden på Limagarden vil vera: Sauen og saueneringen i Gjesdal. Det er sauens som bind saman kultur og landskap på Lima både i fortid og nåtid. I planen blir det sett opp framlegg til ei lang rad tiltak, alt frå skjøtsel av inn- og utmark til skilting og utarbeidning av faste utstillingar i dei einskilde bygningane på garden.

## TA HYS - LEIKETRADISJONAR I ROGALAND

6. april 1991 opna leikeutstillinga på Hå gamle prestegard. Utstillinga heldt opent i helgene i april og kvar dag frå 1. mai til 16. juni. Kvar søndag var det lange bilkørar fram mot prestegarden. I løpet av desse to månadene var meir enn 40.000 menneske innom utstillinga og deltok samstundes i 61 ulike arrangement.

TA HYS var ei storsatsing der mange gode krefter gjekk saman om eit felles mål:

Gje nye generasjonar innblikk i tradisjonell leik/leikeutstyr; sterkt betoning av lokal tradisjon og lokal leiketøyproduksjon, kjønnsroller i leiken, forholdet mellom leiketøysleik og aktivitetsleik.

Dette var målsettinga som var oppsett på førehand. Den store tilstrøyminga til prestegarden tar me som teikn på at målet langt på veg vart nådd.

Men prosjektet hadde fleire delmål. Det skulle bl.a. forsterke nettverket av samarbeidspartnarar i regionen - institusjonar og einskildpersonar. Det var eit siktemål å trekka nye grupper til prestegarden, både som aktive medspelarar og som publikum. Også dette målet blei i høg grad nådd. For å underbygga den påstanden, skal me sjå nærmare på organiseringa og gjennomføringa av prosjektet.

### Prosjektet

Sjølvs prosjeket var resultat av eit omfattande gruppearbeid. Rogaland Husflidslag gjorde grunnarbeidet med si registrering av leiketøy i privat eige i 1988. Det skulle ha munna ut i ei fylkesutstilling i 1989, men blei av ulike grunner utsett. Hå gamle prestegard /Kulturetaten i Hå tok eit nytt initiativ i 1989 og oppretta ei styringsgruppe der følgjande personar var med: Oddgeir Østrem, Ellaug Heske-

stad og Eva Watne. Styringsgruppa hadde ansvaret for budsjett og økonomi. Dei fekk istand den 17 medlemmer store utstillingskomiteen hausten -89. Komiteen starta med å drøfta opplegg og innhald. Me fordele oss i følgjande arbeidsgrupper:

*Formidling* - ansvar for presseomtale, katalog, utstillingshefte o.l.

*Aktivitet* - ansvar for arrangementene under utstillinga

*Utstilling* - ansvar for innhald, formgjeving og oppbygging av utstillinga

### Framdrift

Året 1990 blei nytta til planlegging av prosjektet og innsamling av bakgrunnsmateriale. Aktivitetsgruppa: Hå bygdemuseum/Hå kulturkontor hadde ansvar for og gjennomførte denne delen av prosjektet. Utstillingsgruppa: Her var det representantar frå Rogaland Husflidslag, Stavanger Museum, Jærmuseet, Hå gamle prestegard og enkeltpersonar. Disposisjonen for utstillinga og romfordeling på anlegget blei drøfta fram i plenum. Det førte til fem hovudtema i utstillinga:



Fotograf Sviland på Nærø sørgte for at alle som ville, fekk "tatt seg av", bli fotograferte, til glede for seg sjølv og for publikum.  
Foto: Jærmuseet.



*Utan ein ekstraordinær innsats frå såvel tilsette som frivillige, ville ikkje prosjektet ha lukkast. Her er Brita Fotland, Lars Ole Grimstvedt og Liv Helen Vigre i ferd med å ta ned att utstillinga i fjoset.*

Foto: Jærmuseet.

- A – Frå vogge til skulealder
- B – Leik i historien
- C – Lokal leiketøyproduksjon
- D – Rollelæring
- E – Samleleiker

Medlemmene i utstillingsgruppa delte seg i tre grupper som fekk ansvar for innhaldet i desse temaene, medan ei produksjonsgruppe fekk ansvar for formgjeving av utstillinga. Jærmuseet og Rogaland Husflidslag fekk ansvar for innlån av leiker frå muse og private i heile fylket. Hausten -90 var forprosjektet, med budsjett, ferdig. Av ei total utgiftsramme på kr. 600.000, søkte me om tilskotfrå Hå kommune (kr. 240.000), Rogaland fylkeskommune (kr. 60.000) og Norsk Kulturråd (kr. 120.000). Både kommune og fylket støtta prosjektet med desse beløpa, men i Kulturrådet nådde ikkje prosjektet fram til bevilgning.

Oppbygginga av sjølve utstillinga starta i januar 1991. Så godt som alle utstillingmontrane blei bygde på staden, rom for rom. I løpet av februar blei alle dei private eigarane av leiketøy tilskrivne med beskjed om kva leiketøy me ønskte å låna inn. Me sende samstundes med merkelappar som fortalte både kven som var eigar av gjenstanden og i kva del av utstillinga den skulle stillast ut. Sjølve innhentinga av gjenstander blei organisert gjennom eit nett av lokale kontaktpersonar i husflidslaga. Det blei i alt innlånt rundt 750 leiker frå private eigarar og like mange frå musea. Av musea var det Stavanger Museum og Dalane Folkemuseum som bidrog med flest leiker.

Det var hektiske veker fram til opningsdagen. Mange hjelpende hender måtte til før alt var på plass og ordførar Eldar Odland kunne markera opninga med ein saltomtale i høyet.

### Faste aktiviteter

Alle deler av prestegarden, både ute og inne, var i bruk. Skulle ein laga ei rankingliste over dei mest populære aktivitetane, så kom nok det å hoppa i høyet på topp. Etter nokre veker var høyet så nedtrampa at me måtte køyra på fleire nye lass. Me hadde nok ikkje tenkt over at høyet skulle føra med seg så mykje støv over heile prestegarden. Men all eksstra reingjering blei teken med godt humør.

I Jærhuset var det ein annan aktivitet som var mest like populær som høyet: utkledningsloftet. Der kleddde både jenter og gutter seg ut. Klærne fekk me tak i på Fretex.

På loftet i heimehuset var det spelrom: her blei det bl.a. spela daldøs og kogre – to spel som gjennom utstillinga har fått ein rennessanse i fylket. Men det var også råd å spela mange andre gamle spel.

Dei minste barna hadde sin eigen stad til leiker av ingenting: i Prostens rom var det tomme trådsneller, øskjer, gamle koppar og asjettar m.m. til å leika med.

Mange treivst også godt med gamle uteleiker: gå på stylter, hoppa tau, hinka spel, leika i sandkassen og i leikehyttene. Det blei også spelt krokket i hagen.

Desse aktivitetene kunne alle som besøkte utstillinga delta i, gjennom heile veka.

### Spesielle aktivitetar

I helgene var det storinntrykk på prestegarden, både av besökande og dei mange som formidla sin kunniskap om tradisjonsrike leiker. Kvar helg var det opp til 20 - 30 frivillige aktørar med frå ulike organisasjonar, lag, skolar og som einskildpersonar.

På Bergeland videregåande skole i Stavanger var det ein klasse som gjennom skoleåret hadde laga dragar og andre gamle leiker. Dei var på utstillinga to helger og leia aktiviterer. Barne- og ungdomsorganisasjonane i Hå, så som speidar-, bygdeungdomslag, 4H og folkedanslag arbeidde på tilsvarende vis gjennom vinteren før og fekk publikum med seg på gamle uteleiker, sang og ringleiker. Fleire av laga viste også barneteater og dramainnslag.

På speleromet sat medlemmer frå bl.a. Hå Historie- og Ættesogelag og lærte frå seg ulike gamle spel. Nokre helger var Alf Næsheim og Bjørg H. Nystrøm her og fortalte og lærte frå seg "sine" spesielle spel – daldøs og gnav. Hå H&Æ heldt også eventyrstund for dei minste kvar torsdag.

I Jærhuset var det eit aktivitetsrom der Svhun, Sandnes og Sola Husflidslag etter tur lærte borna å laga toveballar, ballnett, trådleiker, papirklypping, brettning. Her var også Anne L. Tønnessen og lærte



Fine ungar i flotte kostymer. Dette var før eit ugrunna rykte om lus fekk oss til å fjerne hovudplagga.

Foto: Jærmuseet.

barna å laga handdokker som dei fekk spela dokke-teater med. Sjøglint 4H lærte barna å laga markens-raller, medan Steinar Undheim tok for seg pressing av blomar.

Eit av temaene i utstillinga var samleleiker, der me viste eksempler på frimerke, glansbilete, iddisar og alt det andre barna har samla på og framleis samlar på. I samband med dette inviterte me på spesielle samle- og byttedagar: Glans og serviettar; frimerke-

dag med Bryne frimerkeklubb; bokbytedag ved Stavanger Antikvariat; iddisar ved Iddisklubben i Stavanger; dokker ved Ruth Enevoldsen. Det var også knytta kåseri til fleire av desse og andre emner under "TA HYS".

I den nyaste løa var det verkstad der barna, med kyndig hjelp frå prestegardens venner, fekk snekra seg båtar og bilar. Nokre helger var andre ting på gang i denne verkstaden: Anne M. og Gunnar Opstad heldt drageverkstad og pottemakar Stein E. Simonsen lærte barna å laga leiker i leire.

Nokre dagar gjekk det også an å få "tatt seg av" - bli fotografert - nett som i gamle dagar. Fotograf Sviland og kona rigga seg til med fotoutstyr i gammal forkledning. Dei mange barna, og vaksne, som kledde seg ut, blei fotograferte - - med polaroidkamera. Så dei fekk fotografiet med seg med det same. Ein populær aktivitet både blant fotokundane og publikum som var tilskuuarar til det heile.

## Grupper og skulebesøk

Det var stor pågang av skuleklassar til utstillinga. Etterkvart som den ordinære tida for skulebesøk blei utselt, ba klassane om å komma på ettermiddagar og laurdagar. Rundt 250 skuleklassar besøkte utstillinga. TA HYS var også populær blant pensjonistar og andre grupper. Det blei laga eit arbeidshefte "Leiketradisjonar" – ein stensil spesielt mynta på skuleklassar. Dette heftet har også vist seg å vera populært etter utstillinga.

## Konklusjon

Prosjektet TA HYS var ei storsatsing der mange tøydde ressurssane sine mot det ytterste. Det gode samarbeidet som blei utvikla og den gode mottakinga som utstillinga og aktivitetane fekk hos publikum, får oss til å tru at me alle vaks på utfordringa. Dette er erfaringar me kan bygga vidare på i Hå.